# BOKN BYGDABLAD

*Nr 10 - Desember 2001 - Årg. 16*





Noi - s. 12



Pluggen - s. 18



Madagaskarkveld - s. 20

Bokn kommune

Kusymre kommuneblom i Bokn





# ORDFØRAREN HAR ORDET

Hei!

**Bokn Plast AS**
Me held nå på med den vanskelegaste saka eg har vært borti, kor det blir vondt for mange uansett kva me gjør, og det er utviding av Bokn Plast og utviklingai Føresvik. Bokn Plast AS har vore i Føresvik i ca 30 år, og utviklinga gjennom åra har ført "Plasten" og Føresvik til der dei er i dag.
Me kan alle vere samde om at plasseringa av Bokn Plast er feil og at bedriften burde



vore flytta for mange år sidan.
Kommunen og bedriften har brukt mykje tid og ressurser på å finne ei løysing som resulterte i at bedriften kunne flytte bort i Knarholmen industriområde. Dette arbeidet har ikkje lukkast, av økonomiske grunnar.
Ved bygging av ein ny hall i Føresvik ser me heilt klart at fleire naboar blir sterkt berørte, og me forstår reaksjonen deira.
Bokn Plast AS er hjørnesteinbedriften på Bokn med over 20 arbeidsplasser. Me har eit ansvar for dei som arbeider på Bokn Plast AS gjennom å legge forholda til rette for bedriften, slik at dei vel å bli verande på Bokn.

Kommunen er nå inne i saksbehandlinga og eg veit at politikarane vil setta seg skikkeleg inn i saka og vurdera **alle** forhold før Forvaltningsstyret treffer vedtaket sitt den 18/12.

**Kommunebudsjettet**
Budsjettet for 2002 er svært stramt økonomisk, men me er ikkje like sterkt ramma som mange andre kommunar og slepp store reduksjonar i drifta. Dette heng saman med at Bokn får overført eigedomskatt frå Tysvær i.h.t. ein avtale frå 1985.
Bokn investerer nå mykje i nye utbyggingar og vil dermed få ei svært stor gjeld. Dette vil igjen medføre store kapitalutgifter i åra som kjem og dermed redusert økonomisk handlefrihet. I kommande fireårsperiode er det ikkje anledning for nye investeringar eller nye driftstiltak av nokon storleik.

Arbeid med barn og unge samt kultur er prioritert og vil bli styrka med blant anna auka kulturmidlar.
Ein liten kommune som Bokn står foran store utfordringar til effektivisering og kompetanse.
Eg er derfor av den oppfatning at me må samarbeida med andre kommunar i langt større grad enn i dag. Det kan vere innan spesielle tjenester og saksbehandling.

Som eit vidare arbeid med å få den tjenesta og servicen de har behov for vil kommunen nå lage ein serviceerklæring som vil inneholde kva forventning og krav de som brukarar kan stilla til kvar enkelt tjeneste. Serviceerklæringa skal lagast i samarbeid mellom brukarar, administrasjon og politikarar på Bokn.

Med dette vil eg ønske dere alle ei riktig God Jul og eit Godt Nytt År.

*Svein Ove*

# KJÆRE LESAR!

**Klar for ny årgang**
For eitt år sidan skreiv eg at me stod foran det 16. året med bladet - med ro og viten om at dei gode rutinene rundt produksjonen var funne. Det same gjeld for den 17. årgangen, kanskje enno meir. I 2001 har bladet styrka den sentrale og naturlege rolla si i boknakulturen. Ei omfattande drifts-evaluering tidleg i vår, der me opererte med svært radikale driftsalternativ, endte me at bladet skulle halda fram i noverande form. Sjølv om dette hadde med økonomi og arbeidsforhold å gjera, fortel det oss kor vanskeleg det er å finna alternativ til noko som er populært.

Også i år har talet på abonnentar stige, og det er ikkje lenge att til 600. Dette tyder at bladet har like mange utanbygds– som innanbygds abonnentar. Det er me sjølvsagt godt nøgde med, både med tanke på kor mykje bladet har å seia for utflytta boknarar samt den gode markedsføringseffekten Bygdabladet har for Bokn. Andre media legg merke til nytt stoff frå kommunen, og både NRK Rogaland og spesielt Haugesunds Avis er flinke til å saksa stoff frå bladet, enten i omskrive eller direkte form.

**Studerande ungdom**
Eg vil igjen oppfordra alle ungdommar som studerer om å ta kontakt for gratis abonnement. Kommunen vil gjerne halda god kontakt med boknaungdommen som flyttar ut av Bokn for å gå på skule, og eit Bygdabladabonnement er eit godt tiltak i den samanhengen.

**Oppsøkande journalistikk, samarbeidspartnarar og innhaldet i bladet**
Fleire gonger i løpet av året har eg vore nødt til å minna om rutinene våre, og dei heng nøye saman med ressursane me har til disposisjon. Bygdabladnemnda har møte før alle utgjevingane, og i tillegg til å danna seg ei oversikt over aktuelt nytt til neste utgåve, handlar også desse møtene om å legga langtidsplanar, med særleg tanke på å få bladet betre. Ofte blir ynskjelistene over stoff til neste blad mykje større enn det kapasiteten tillet, og det er ikkje alltid like enkelt å godta at me berre kan gløyma å oppsøka dei ulike situasjonane/arrangementa.

Det er her dei frivillige samarbeidspartnarane kjem inn og er med på å sørga for at bladet får eit meiningsfullt innhald i forhold til etterspurnaden. Men det er viktig at du som lesar kan godta at du i enkelte blad ikkje finn akkurat det du leitar etter, eller det du er opptatt av å lesa. Mykje heng saman med kor flinke lag og organisasjonar er til å profilera seg. Og ikkje alle klarar dette med å få ord ned på papiret, sjølv om viljen er der aldri så mykje. Eg har tidlegare vore inne på at ordet er fritt i Bygdabladet, og kvar enkelt er velkommen til å skriva ut i frå dei forutsetningane vedkommande har. Det er ofte mykje enklare enn du trur, og dessutan blir stoffet redigert før det kjem på trykk. Eg vil oppfordra dei som har lett for å klaga på innhaldet om å bidra til eit betre innhald neste gong!

**Kommunebudsjettet**
Som ordføraren er inne på i spalta si er barn og unge samt kultur prioritert i budsjettet, og det skulle vera unødvendig å seia at det varmar ein kulturarbeidar svært mykje. Det beste kulturbudsjettet i mi tid, og kanskje nokon gong i Bokn, der barn og unge er "vinnarane" viser at politikarane er i tråd med det øverste satsingområdet i Kommuneplanen. Samstundes blir forventningane deretter, og eg er overbevist om at Bygdabladet vil innehalda mykje godt kulturstoff det neste året, som styrkar samhaldet og trivselen til boknarane!

Takk til redaksjonelle kollegaer, bladnemnd og alle andre bidragsytarar for all hjelp gjennom år 2001!

God jul og godt nyttår!

*- redaktøren -*



# Tradisjonell og innhaldsrik Luciafest

Tekst: Jardar Havikbotn - foto: Kari Hetland

Like sikkert som at adventstida kjem kvart år er det at Bokn musikkorps sin Luciafest går av stabelen 2. sundag i advent. Jorunn Schmeichler leia oss sikkert og avslappande gjennom ein adventsfest som var litt ekstra innhaldsrik dette året.

Vaksenkorpset sette an tonen med ein innmarsj kor alle kunne sjå dei nye uniformane. Og det var ingen tvil om at den nyanskaffa Boknaspenna markerte seg sterkt på skjortene til damene. Herrene skal få slipsnåler som er inspirerte av same mønsteret, men desse er ikkje klare enno.



Vaksenkorpset med nye uniformar.



**Lucia Ingrid Birknes Langhelle i spissen for eit flott opptrinn.**

Luciaopptrinnet markerte også eit skille, og det var siste gong at ein 5. kl. deltok i dette opptrinnet. Frå neste år er det 4. kl. som går Lucia, og dette var altså grunnen til samanslåinga i år. Utan å fornærma nokon vil eg seia at dette var det finaste opptrinnet eg har vore vitne til i Bokn. Eit skikkeleg høgdepunkt var det!

Eg har heller aldri høyrt ei så stille og lyttande forsamling i eit verbalt innslag rett før ein matpause i gymsalen, som når Venevil Birkelund fortalde ei lita juleforteljing. Kanskje var det på grunn av innslaget ikkje berre var verbalt, men at tusseføyta til Venevil spela ei nøkkelrolle i forteljinga. Til slutt fekk ho hjelp av Oddrun Nilssen og May Jorunn Vatnaland i rein og klar fleirstemt song.

Den gode musikalske kjensla mi heldt fram då Musikkorpset spela slik me var blitt samde om på øvingane. Dette var det andre av fire oppdrag i desember for dei 17 i korpset, og det var morosamt med trampeklapp på prestasjonane. Eg kan godt tenkja meg å vera dirigent for eit større korps, og folk er hjerteleg velkomne!

Juniorkorpset starta festen att etter god mat og drøs m/ tradisjonelle bordkonkurransar. Det 11 stk. store korpset, som skal til Danmark til sommaren, gjorde ein god figur under sin dirigent Lillian Grønnestad, som også er korpsformann. Spesielt det siste stykket krev ein viss musikalitet, konsentrasjon og lytteevne blant dei unge musikantane, og prestasjonen var absolutt oppløftande!

Sjølv om dei hadde ein opptreden bak seg då Tysvær Lions inviterte boknarar til fest tidlegare i haust, var songgruppa Fissdim (ein akkord) noko nytt for mange.



Fv. Marita Svendsen, Anne L. Faye, Heidi Aksdal, Tone B. Høyland og Wenche L. Havikbotn har eigentleg fleire songglade damer med seg i gruppa, som i øyeblikket har permisjon. Øyvind Børgesen song også tenor i byrjinga, men har no gått over på gitar, og saman med underteikna står me for kompinga. Gruppa vil prøva å framføra songar med spesielle arrangement, noko som p.g.a. tidsnød ikkje blei tilfelle denne gong, bortsett frå Bjørn Eidsvågs *Ein fin liten blome* frå Lions-repertoaret.

Det er positivt med eit gryande songmiljø, og kanskje veks det fram eit nytt kor snart.......

Sjølvaste kulturprisen blei delt ut på slutten av festen, og ordføraren sa m.a. at det var svært gledeleg med



Kulturprisvinnar Mathias Are viser sin begeistring for kunstverket Orgelbrus, eit oljemaleri laga av Leif Kristoffersen - med motiv frå Haugalandet.

stor respons i år, men mange forslag førte til at avgjerda blei vanskeleg for Driftsstyret.

**Dei andre nominerte var:**

- BORK
- Bygdeboknemnda
- Erik Eikje
- Inger Synnøve Bokneberg
- Ingunn Are
- Solveig Ellingsen
- Venevil Birkelund

Fleire av desse har også blitt nominerte tidlegare år.

**(Meir om kulturprisutdelinga på siste side).**

Ein vellukka, tradisjonell og innhaldsrik Luciafest var over, og ein kunne dra heim med ei god kjensle.

# Bispevisitas i Tysvær prestegjeld 23.-28. oktober

Sigvart Våga

**Sein start, men fin visitas**
Sist det skulle vore bispevisitas, gjekk det som kjent svært ille. No, som då, starta visitasen for Tysvær prestegjeld i Bokn.

Den skulle ta til med open bønesamling i Bokn kyrkje kl 08.45, men ferja var innstilt på grunn av maskin-skade. Så starten vart over ein halvtime forseinka, noko som ikkje gjorde så mykje. At dette var ei open samling må ha gått folk forbi, for det var mest berre staben som var der – staben i heile prestegjeldet.





Æresmedlem hjå ulvungane

Seinare var det som det skulle vera, kontakt med skule og kommuneleiing, avslutta med middag på Sjøhuset i Alvestadkroken for formannskap og sokneråd. Biskopen hadde så ein samtale med både det gamle og det nyvalde soknerådet.

Kl 19.00 var det fest for alle på Bokn bedehus, der det var fullsett sal då soknerådsleiar Solveig Våga ynskte velkomen. Her fekk me mykje fin song av barnekoret, av Dacapo og av Bokn Songlag. Så her var dei ymse livsfasar med. Og så sjølvsagt tale av biskopen.

Det som gjorde festen litt utanom det vanlege var speidarane. Speidararbeidet står sterkt i Bokn, og dei hadde ein del av programmet her òg. Det var opptak av "meiser" og "ulvungar" i ein høgtideleg seremoni. Høgdepunktet var då biskopen vart oppteken som æresmedlem hjå ulvungane.

Så var det ned i matsalen – pølse og brød, og sidan kake. Ein gild kveld.

*Sigvart Våga*

# Flott kulturkveld om Per Sivle (1857 - 1904) på bedehuset

Kari Hetland

Kulturkveldene på Bokn Bedehus ser ut for at de er kommet for å bli.



**Fv. May Jorunn Vatnaland, Sigvart Våga, Oddrun Nilssen og Venevil Birkelund**

Bokn Mållag og Bokn bedehus hadde igjen invitert til dette fine kulturelle innslaget. Foredragsholder var Sigvart Våga. Dacapo, som består av Oddrun, May Jorunn og Venevil stod for sangen. Sistnevnte er også leder for Bokn Mållag.

Foredragsholderen begynte med å nevne at det var et menneske til som skulle ha sagt noe om hovedpersonen, Per Sivle i kveld - det var Målfrid Kro Trosnavåg. Men dessverre det ble ikke slik. Målfrid døde bare noen dager i forveien.

Sigvart begynnte med å fortelle om Sivles barndom. Han ble født i Flåm og vokste opp på Voss. Han kunne fortelle om en gutt som hadde heller fått en dårlig start i sitt liv, men som allikevel skulle få så stor betydning for norsk diktning. Hans far var hestehandler. Pers mor gikk det gjeteord om at hun var så vakker og veldig snill. Foreldrene traff hverandre da Pers mor pleide ei grandtante på Voss. Mor hans kom fra en "bedre stillt familie". Hun ble gravid og hennes bror kom for å ta henne med hjem. Pers mor var deprimert og tenkte å ta sitt eget liv. Dette fikk hennes bror avverget da hun på reisen hjem stod ved kanten av et vann og ville drukne seg.

Hun brakk lårhalsen i forbindelse med turen hjem da det var is og hun fallt. Siste delen av turen hjem måtte broren dra henne på en kjelke. Tilbake i hennes barndomshjem i Flåm var det en kald mottakelse å få. Skam hadde hun tatt over familien med å bli gravid før hun var gift derfor ville foreldrene ikke ta imot henne. Ei halvsøster av henne ble redningen. Per (eller Peder som han ble døpt) og en tvillingbror ble født hos halvsøsteren. Det ble sagt at det var ikke noe liv i noen av guttene, jordmoren som var tilstede ville allikevel prøve, og mot alle odds så fikk de liv i lille Per. Slik var starten til vår store dikter.

Foreldrene fikk senere 2 par med tvillinger, men alle de 4 guttene døde. Av Pers søskenflokk på 6 var det bare han som vokste opp. Da Per var 2 1/2 år døde hans mor. Hun ble aldri frisk etter lårhalsbruddet. Alle barnefødselene gjorde sikkert ikke det lettere for helsen hennes.

Siden hans far reise mye rundt på markedene som hestehandler ble lille Per "satt bort" hos slektninger. Fikk man den skjebnen som barn var det ofte et hardt og ubarmhjertig liv som ventet. For Per ble det litt bedre fordi hans far betalte godt for den lille gutten. Han fikk tidlig interesse for bøker og reiste ut på skole. Han var inne på tanken å bli prest. Han var en tid på Hagebruksskole i Sandnes. Han tenkte på arbeid som gartner. Dette avslutta han da han hadde ikke ro i seg til dette. I denne tiden på Sandnes kom han også i kontakt med vekkelsen på Jæren i Lars Oftedals fotefar.

Far til Per syntes skrivegreiene ikke var noe. Han anerkjente heller aldri sønnens arbeid.

Sangtrioen Dacapo begynte med *Den fyrste song*

Den fyrste song eg høyra fekk,
var mor sin song ved vogga,
Dei mjuke ord til hjarta gjekk,
dei kunne gråten stogga.

Dei sulla meg så underleg,
så stillt og mjukt te sova;
dei synte meg ein fager veg
opp frå vår vesle stova.

Den vegen ser eg enno tidt,
når eg fær auga kvila;
der stend ein engel, smiler blidt,
som berre ei kan smila.

Og når eg sliten trøytnar av
i strid mot alt som veilar,
eg høyrer stillt frå mor si grav
den song som all ting heilar.

Han hadde vel mor si i tankane da han skreiv denne sangen. Livet hans hadde nok fått en bedre start hadde han fått beholde henne.
Per hadde alltid hørt mange godord om henne.

Senere traff han sin kone, Wenche, da han var i Danmark på Askov Folkehøgskule. De giftet seg og fikk ei datter som de kallte Susanne.
Han hadde et gjennomgående problem i livet sitt som var alkoholen. Han klarte ikke å la være å drikke og kjempet mye med dette.
Presten Hovden var en av hans gode venner. Hovden ville hjelpe og tok Sivle med seg hjem flere ganger. Den lengste tiden han var hos Hovden i hans hjem på Lista var ett år sammenhengende.
Når han var aller dårligst ned på grunn av alkoholen

skreiv han denne sangen:

HVOR LENGE SKAL DET VARE
Hvor lenge skal det vare, før endelig det skjer,
at landets største fare hvert folkets øye ser?
Og dog fra tusen grave, fra tusen brutte hjem,
i slektens livsens-have den daglig griner frem.

O, Gud, la ikke livet, som du jo selv har skapt,
og selv din signing givet, i skjensel gå fortapt!
Gi troskap til vårt yrke, gi krefter og gi mot!
Gi alle svake styrke, og rens det syke blod.

To bautasteinar er blitt reist for Per Sivle. En på Voss hvor han vokste opp, og en i Drammen hvor han bodde i slutten i sitt liv.

Hans liv endte tragisk. Han orket ikke streve mer i mot alkoholen og han skjøt seg selv. Per Sivle ble funnet på Kristiana Bad i 1904. Han ble 47 år gammel.

Som seg hør og bør på kulturkveldene så var det ma-tøkt nede på bedehuset etter foredraget. Her var en rikholdig meny. Rømmegrøt, spekemat, risengrynsgrøt og bollemelk. Kaker av flere slag.

Det var en uformell og trivelig kveld på alle måter og praten gikk livlig rundt bordene. Besøk utenfra kommunen vår kunne fortelle at det var andre gang hun hadde vært med på kulturkvelden på bedehuset og at dette gav mersmak på alle måter.

En takk til alle som bidrog til denne fine kvelden.

# Adventsfest for bebuarane på sjukestova

Mandag 10 des. var det fest på sjukestova.

Me hadde invitert pårørande til å komma, for å vera i lag med oss denne kvelden. Det var godt å sjå at alle hadde fått besøk av sine. I alt var me ca. 35 stk. med smått og stort!

Venevil kom og fortalde fleire forteljingar, bl.a den om "Mannen som skulle stelle heime".
Ho hadde med seg dei to andre songfuglane, May Jorunn & Oddrun, og me fekk høyra mange flotte songar.

Så var det tid for rømmegraut og spekemat, og etterpå kaffi og småkaker. Til slutt hadde me ei lita juleutlodding.

Det var kjekt å sjå at så mange tok seg tid til ein fest i denne travle førjulstida, og håpar me kan samlast igjen ved ein seinare anledning.

*Helsing*
*Julianne*


Foto: JH




Ein har ofte bursdagsselskap i barnehagen, men den 28.11. var det eit spesielt tilfelle. Eit år er gått sidan Fylkesmannen klipte snora på porten.

Dette måtte feriast!!!!!

Og kven kom ikkje på besøk, ringare enn orføraren - og som seg hør og bør i ein bursdagsfeiring, hadde han med seg gåve, tre flotte akebrett til barne-hagen !!!

Men me fekk besøk av fleire: Leiar av driftsstyret, Sigrunn, som og hadde gåve med seg, konstruksjonssleiker.

Og innimellom gåver og besøk, så er det jo "snadder" med kake, både sjokoladekake som ein bakar sjølve, og ekte heimekjøpt marsipankake.

Me nyttar anledningen til å gratulera oss sjølve!!!

*Jarle Haakonseth*

HELSESEKSJONEN INFORMERER

v/seksjonssjef Gunn Grønnestad

# Fastlegeordninga - enno ein gong...........

Som dei fleste sikkert har oppdaga, har ikkje gjennomføringa av fastlegeordninga vore heilt problemfri, heller ikkje i Bokn. Mange boknarar sende ikkje inn svarbreva i utgangspunktet, og rekna då med at dei ville få tildelt kommunelegen som fastlege. Slik skulle det ha fungert - dei som ikkje sende inn skulle få tildelt lege etter nærmaste postnummer - men slik blei det ikkje for mange av innbyggjarane. Mange fekk tildelt ein fastlege dei aldri har ytra ønske om å få, og som var lite geografisk hensiktsmessig å nytta.

I tillegg har det vore ein del pasientar hos Lasse Inberg som har fått brev om at fastlegen deira skal slutte, og at dei må velja ny. Dette er heller ikkje tilfelle, kommunelegen har ingen planar om å slutte. Vi har hatt kontakt med Hinna trygdekontor, som har ansvaret for fastlegeordninga i Rogaland. Dei beklagar at det er gått ut slike brev, og meiner det skuldast at det er lagt inn feil brevrutine sentralt hos Rikstrygdeverket. Dei prøver no å få gjort noko med dette, slik at vi kan få ein slutt på feil informasjon til brukarane.

Kommunelege Lasse Inberg skal altså ikkje slutta, og dei som har skifta fastlege på grunn av feil informasjon kan ta kontakt, så skal vi hjelpa dei med dette.

Helseminister Dagfinn Høybråthen har gjennom media meldt at det vil bli endringar i fastlegeordninga. Det er for tidleg å seia noko om kor omfattande desse endringane vil bli, men ordninga har gitt ein del uheldige utslag som bør justerast.

Vi får koma tilbake med meir informasjon etter kvart.

## Filipine

Filipine er navnet på en julelek med nøtter. Når man finner to kjerner i en nøtt, spiser man filipine. Å spise filipine er vanllig kjent over hele landet, mest i forbindelse med krakkmandler, men en tilsvarende lek har trolig også vært gammel i strøk der det vokste mye hassel. I Brunlanes i Vestfold het det at hvis man fant en tvillingnøtt, eller en trillingnøtt, det vil si to eller tre sammenvokste nøtter, betydde det lykke.

Å spise filipine går ut på at hvis man i julen kommer til å knekke en mandel eller nøtt som inneholder to kjerner, skal den ene kjernen gis bort til en utvalgt i selskapet. Så spiser de hver sin kjerne og inngår et veddemål. Vedemålet innebærer at vinneren er den som først husker å rope filipine ved første møte etter nyttår.

*Frå boka " Som julekvelden på kjerringa" av Ingrid Sahlin-Sveberg*



## Julegløgg

Ordet gløgg er svensk. Det er ikke et gammelt ord, men et ord som ble skapt en gang på slutten av 1800-tallet av uttrykket "en glødgad". Det vil si en glødet, eller avbrent drikk, som var en oversettelse av det franske brulot som betyr avbrent konjakk. En svensk gløggoppskrift fra 1849 er som følger: 6 stykker knust kardemomme, 15 gram kanel, 215 gram rosiner, skallet av en citron, noen søte og noen bitre mandler. Alt dette tilsettes 6 dl fransk cognac og ca. 3 dl. Arrak. *(Arrak er en arabisk drikk som er fremstilt av ris og palmesaft).*

Blandingen helles i en "Brulot-koker " eller en sølvkasserolle, påtennes og omrøres ofte. Over dette legges det en rist av sølv og på den 850 gram sukker, som skal smeltes av flammen fra drikken, og deretter skal det helles i madeira. Drikken skal kokes i en halv time.

*Frå boka " Som julekvelden på kjerringa" av Ingrid Sahlin-Sveberg*



## MINNEORD



Alf Jøsang er død, 72 år gammal.

Han var fødd og oppvaksen på Jøsang. Foreldra var Mette og Andreas Jøsang. Alf var yngst i ein syskenflokk på ni. Han mista faren og broren, Magne, på sjøen då han var 15 år gammal.

I 1966 gifta han seg med Sigrid f. Øvrebø. Dei budde på Jøsang og fekk tri søner. Alf var fiskar, deriblant mange år på Islandsfiske. Ei tid seilte han som styrmann på fraktebåt. Nokre år dreiv han med oppdrett av laks.

Ved sida av fiske hadde Alf sauer på småbruket. Det gildaste fisket var med makrellnot og teinefiske etter hummar og krabbe. Ungane fekk alltid vera med på sjøen. Alf lærte dei å laga teiner, og lærte dei om gode fiskeplassar.

Alf var roleg og heimekjær, han var glad i besøk. I dei seinare år var han mykje plaga av sjukdom.

Han etterlet seg kone, tre søner, svigerdøtre og seks barnebarn.

## MINNEORD



Jakob Are er død, 71 år gammal.

Han var fødd og oppvaksen på Are. Foreldra var Kristin og Jens Are. Jakob var eldst av seks sysken. Etter konfirmasjonen reiste han på fiske, og i 1958 gifta han seg med Anna f. Øvrebø.

Jakob seilte i kystfart til han overtok farsgarden i 1966.

Han var ein allsidig mann, og dreiv mellom anna med sveising. I tillegg til garden, arbeidde Jakob på Bokn Mekaniske. Hobbyen hans var fiske. Jakob var ein omgjengeleg og hjelpsam mann.

Han etterlet seg hustru, fire barn, tre svigerbarn og sju barnebarn.

# Nytt kraftsenter for boknaungdom?

## BORK får eigen ungdomsavdeling

Birger Lindanger

**Frå kretsmeister til noregstopp**
Alt lukkast visst for BORK nå om dagen! I 2001 nådde hesteklubben nye høgder både heime og ute. Ekvipasjar frå klubben har hevda seg heilt i toppen både i nasjonal og nordisk samanheng i alle disiplinane sprang, distanseritt og gallopp. Regionalt sanka klubben i oktober inn dobbeltsiger i sørvestcup - eit slag kretsmeisterskap i distanseritt.

Desse resultata gjer både foreiningen og bygda meir synlege i landsdel og nasjon. Endeleg har me fått ei foreining der folk frå heile regionen og endå vidare søkjer til Bokn for å bli medlemmar - heilt på tvers av den tendensen som elles trykkjer oss mest som ei naturlov! Men resultata er tufta på dugeleg internt arbeid, ikkje minst på den sosiale fronten.



Fv. Veronika Sæbø, Synnøve Odland, Nina Balaz og Emilie Moi Eikje framfor premiesamlinga til Synnøve.

**Jul i stallen**
Nå seinast mandag 3. desember arrangerte klubben det årvisse "Jul i stallen" hjå Kari og Olav i Kro. Deltakinga var det ikkje noko å utsetja på, 55 møtte fram og holte i seg tri store gryter risengrynsgraut. Elles var det lotteri, ponniridning, leik og gode drøsar.

Like viktig - om ikkje viktigare - var det som skjedde fredags kveld 8. desember. Då møttest Veronika Sæbø, Emilie Moi Eikje, Nina Balaz og Synnøve Odland, alle mellom 13 og 16 år, over Cola og pizza for å dra i gang ein eigen ungdomsavdeling i BORK. Attåt skulle også Mette Hagen bli med i interimstyret.

**Jenter med to i**
Det heile starta med eit stort kurs for idrettsungdom som Noregs idrettsforbund arrangerte på Sola 19. oktober. Styret i BORK tilbaud desse fem jentene turen. Og det skulle visa seg at dei blei dei einaste ungdomsrepresentantane frå heile Haugalandet. Og dei var dei einaste som representerte hestesport. Kurset gjekk over to dagar og skulle mellom anna læra ungdommen å fremja det dei hadde på hjerta på ein klar og uredd måte. Det blei òg streka under kor viktig det var for eit levedyktig idrettslag å ha eiga ungdomsgruppe.

Då dei kom heim, blei dei inviterte til styremøte i BORK for å orientera om kva dei hadde lært. Og det gjorde dei på ein så god måte at styret gav full støtte til tanken om ei eiga ungdomsgruppe. Vaksenlaget lova ungdommane eit tilskot på kr. 5000 og elles støtte for å koma i gang. Dette blei også teke opp på årsmøtet der ein ytterlegare skuva på.

Difor var det altså at dei fire jentene trossa ein vasstung og mørk førjulskveld og konstituerte eit førebels styre for ungdomsgruppa. Valet enda med at Emilie blei vald til leiar, Veronika til kasserar og Synnøve til skrivar. Medlemmar skulle det vera nok av, kring helvta av dei 150 organiserte i BORK er born eller ungdom.

**Pizza, snop og hest**
Og oppgåvene er mangfaldige, i det minste slik interimstyret ser det. For det fyrste ynskte dei å skipa ein klubb for hesteinteressert ungdom. Innhaldet kunne vera mangfaldig, kurs og foredrag som gjekk på hestehald og hestebruk, det kunne visast filmar, arbeidast for å senda medlemmar på større ridekurs, arrangera temakveldar t.d. om "Koss møta ein hest" osb.

Frå kommunen kunne det vera fint å få litt hjelp med å skaffa lokale.

Pengar rekna dei med å skaffa sjølv gjennom sal av snop, brus og pizza på møta. Inntekter vil det også gje å driva ponnyriding for dei minste. Meir konkret har dei planar klare for eit organisasjonskurs med Jan Solid alt midt i januar. Og kanskje kan det bli konstituerande årsmøte til våren? Ved sida av valet, laga jentene også ein aktivitetsplan for 2002.

**Ein hestehengar må til**
På spørsmål om det ikkje var noko anna kommunen kunne hjelpa til med, kom det som med ei røyst: "Hestehengar". Utan at klubben rår over eigen hestehengar, blir verksemda mykje hemma. For hesten må med til stemne og kurs. Men med det høge aktivitets. nivået til foreiningen og den gode ambassadøren BORK er for bygda, reknar me med at han snart kjem på plass.

I alle fall - etter alt å døma er det født eit nytt kraftsentrum for bygdeungdommen i Bokn.

# En tid der alle skal være glade

Julen...
"Det blir litt ekstra ensomt."
"Vi takker Gud for steder som Blå Kors."
"Ingen vet hva det er å være alene før de har opplevd en jul alene."

Julen...
Jesus kom fra himmelen ned til jord.
Frelsesverket for alle mennesker tar til.
En tid der alle skal være glade.

Julen...
"Matteus forteller at Han satt med 'subben'."
"Han hadde ikke feira hjemme hos seg sjøl!"
"Jeg tror Han visste om oss også!"

Julen...
Har Jesus hedersplassen?
Hva ville Han ha gjort?
En tid der alle skal være glade.

Julen...
"Vi får masse gaver og mat her."
"De leser juleevangeliet med oss!"
"Det er jo egentlig en fin tid!"

Julen...
Litt av Hans sinnelag.
Vår Frelsers fødselsdag.
En tid der alle skal være glade.

Julen...
"Vi tar oss tid til å lytte liksom"
"Jeg veit at Han kom for meg også!"
"Kom Han for oss også?"

TIL ETTERTANKE..................

*MOT JUL*

*Somren er borte,*
*dagene korte,*
*men gjennom mørke, tåke og regn*
*hist i det fjerne*
*lyser en stjerne –*
*Betlehems-stjernen det himmelske tegn.*

*Snart skal vi høre*
*klokkene føre*
*budskap om høytid i hjemmene inn.*
*Klart skal det klinge,*
*inn skal det ringe*
*julen for alle – i hjerte og sinn.*

*Granen vi tenner,*
*atter vi kjenner*
*julens vidunderlige barnlige fryd.*
*Intet oss tynger,*
*medens vi synger*
*julekveldssangen med jublende lyd!*



*JULEGLEDE*

*Glede, glede, juleglede*
*er her nede, nok en gang.*
*Julevær og juletrær og*
*juleklokkers julesang.*

*Hvorfor glede? Hvorfor klokker?*
*Hvorfor jul og sangens ord?*
*Jo, for Verdens Lys er kommet*
*for å skinne på vår jord.*

*Lyse for den trette vandrer*
*og gi trøst til sorgfullt sinn.*
*Han vil føre den som følger*
*til den store glede inn.*

*Amerikansk barnevers*

# Frå Smilets Land til Søra Våga

Reidar Alvestad

**Alle har kallenamn i Thailand**
Jareya Våga er det eigentlege namnet hennar, men til dagleg brukar ho Noi som er kallenamnet. Ho fortel at alle har kallenamn i Thailand.
Osmund og Noi Våga traff eg på slektsgarden som Osmund overtok i 2000. Osmund var ute, og Noi møtte ektefellen og meg i døra og baud på kaffi og småkaker.



**Noi har nettopp sett på kaffitraktaren i det trivelege kjøkkenet.**

Ekteparet gifte seg sommaren 2000 i Haugesund, men den eigentlege brylupsfeiringa hadde dei i sommar. Då var dei 80 gjester inkludert familie og venner. Noi hadde fått mora og broren på besøk frå Thailand, og elles nokre thailandske venninner her frå distriktet.

**Møttest på reisebyrået**
I ungdomsåra tok Noi vidaregåande utdanning i heimlandet, og reiste så til Singapore i Malaysia for å studera engelsk og økonomiske fag. Men då ho fekk jobb i eit reisebyrå i storbyen, vart studiene avslutta. Ho var 4 år ved dette reisebyrået, og det var her ho traff Osmund. Dei besøkte Våga i 1998 til jul, og sommaren 1999.
I mars 2000 slo dei seg ned på Bokn for godt.
18 desember i fjor kom Celine til verda, og får oppleva sin 2. Jul i år.

**Det norske språket er vanskeleg ......**
Noi har gått på norskkurs litt over eit halvt år, og kan snakka ein del. Men ho og Osmund snakkar mest engelsk saman. I tillegg har ho nokre thailandske venninner i distriktet som ho har kontakt med, og her går det sjølvsagt på thailandsk. Noi synes det er vanskeleg med norsk, særleg grammatikken, pluss at det er stor forskjell på bokmål som ho lærer, og boknadialekten. Men om eit års tid håpar ho å kunna greia seg betre.

**Mattradisjonar**
Det er mange ting som er annleis i Norge og Thailand. Ta til dømes maten. Å koma frå eit land der ein har ris til 3 måltider pr. dag, og til Norge der brød og poteter er viktige kosthaldselement, er litt av ein overgang.
Noi fortel at dei brukar fisk, kjøt og grønnsaker som tilbehør til ris. Ein del av grønnsakene er ein slags bladgrønnsaker, ikkje rotfrukter som her. I tillegg brukar dei meir krydder enn her. Noi har eit drivhus kor ho dyrkar fram ein del av det ho er mest vane med. I tillegg finn ho det meste av det ho treng på ein asiatisk butikk i Haugesund, men ikkje alle fruktslaga.

**Smilets land**
Det er mange ting innafor kultur, skikk og bruk som er annleis her og i Thailand. Noi er meir vant med at folk smiler til kvarandre sjølv om dei eigentleg ikkje kjenner kvandre. Her føler ho at folk ser undrande på henne om ho gjer det same. Det norske folkeferd er meir kjøleg og avmålt, og snakkar lite til framande. I Thailand er det annleis. Der er det ikkje så nøye med tida. Folk tar det rolegare enn i Norge, og stressar mindre. Om det er tillyst eit møte, kan folk koma ein time etterpå utan at nokon reagerar på det.
Klimaet er også heilt annleis enn i Norge. Å koma frå eit område med tropisk klima kor temperaturen ligg frå 20 – 25 grader i den kaldaste årstida, til eit landt opp mot Nordpolen kor ein i heldigste fall kan ha slike temperaturar midt på sommaren, er litt av ei forandring. Slik sett synes også Noi at klimaet er også er ein av dei store skilnadene frå hennar heimland.

**Storfamiliar**
I Norge er det oftast slik at det er kjernefamilien som dominerer. Dei eldre har eigne bustader, eventuelt er dei i institusjon eller spesielt tilpassa bustader med tilsyn og pleie. Noi fortel at i Thailand bur ofte heile storfamilien under same tak.
Det er også vanlegvis familien som tar seg av sine eldre. Det fins institusjonar eller anna hjelp å få, men dette er det på langt alle som har økonomisk evne til. Den



**Noi og Osmund i heimen sin i Våga.**

vesle alderstrygda som fins, er så lita at ho rekk ikkje langt.
Thailand er eit samfunn kor respekten for dei som er eldre er større enn her i landet. Også ovafor autoritetspersonar som lærarar og andre er det større respekt. Noi synes likevel at det er fint at det ikkje er

ganske slik i Norge. Her kan elevane spørja og diskutera meir med læraren, og dei får bestemma meir sjølv.



**Her frå den nye heimen til Noi er det mykje lengre til naboar og andre enn det var i Thailand og Singapore**

**Det sosiale livet**

Det sosiale fellesskapet er også annleis i Thailand enn her. I det daglege går folk på besøk til kvarandre når som helst, utan at dei er inviterte på førehand. Vel inne i huset forsyner dei seg av maten som står på bordet saman med dei som bur der. Elles har dei sjølvsagt større festar og høgtider kor det blir sendt invitasjonar.

Noi fortel at ho nå har fleire thailandske venninner her i distriktet. Dei har ein eigen klubb der dei kan treffast. Elles kan ho lesa nytt frå Thailand på internett, og høra thailandsk radio, også via internett.

Då Noi arbeidde på reisebyrå i Singapore, hadde ho eit meir internasjonalt kontaktnett, i og med at dette var eit byrå som hadde avdelingar i mange land. I tillegg er byen også ein smeltedigel med folk frå mange nasjonar. Overgangen til Bokn og Våga er desto større. Ein større by i Norge ville også vore nærare det livet ho hadde før ho kom hit til landet. Dette at ho har deltidsjobb i skulen både i Bokn og i Tysvær, går på norskkurs og har venninnetreff med folk frå heimlandet, er noko av det som er med på å gi ein god del sosiale kontaktar, både med eigen kultur og den nye ho er blitt ein del av.

## *Stjernelys*

*av Barbro Vanvik*

*Me syngje og trallar og dansar og ler.*
*Ei stjerna me oppe på himmelen ser.*
*Til minne om han som kom ned til vår jord.*
*Ei glede for liten, ei glede for stor.*

*Der låg han i krubba på leie av strå.*
*Mens gjestane kunne gå til og ifrå.*
*Og tri visemenn i frå Austen ein stad,*
*gull, murra og røykelse til han dei ga.*

*Med englane song ved ei stjerna så klår,*
*såg hyrdane barnet, ilag med sitt får.*
*Då smila Maria og Josef vart kry.*
*Eit under var skjedd der i David sin by.*



## *Småfuglene på juleneket*

*av Henrik Wergeland*

*"Kom lille sisik! Følg med, følg med!*
*Et herlig julekveldsmål jeg vet."*

*"En fattig husmann bak skogen bor.*
*Han gir oss et nek i år som i fjor."*

*"Han eier kun tre, dog gir han oss et.*
*For Jesu skyld så gjør han det."*

*"Og hør du småsisik, stur ei så,*
*men følg med din fetter, spurven grå!"*

*Så fløy de søskenbarn av sted.*
*Om julekvelden er lykken med.*

*Seg katten listet på låvebro,*
*Han skottet nok lysten opp til de to.*

*Men sulten gjør både døv og blind,*
*De styrtet like i neket inn.*

*Der satt de så lunt i sno og sne,*
*Kun høyest stjerne kunne dem se.*

*Der satt de trygt på den høye stang.*
*Den julenatt ble dem ei for lang.*

*De satt der begge til messetid.*
*Da klokkene ringte, så fløy de dit.*

*De satte seg på det spir av gull.*
*Der så de him'len av engler full.*



# Julelysfigurar i hundretal

Reidar Alvestad

**Har samla i 12 år**
Dei første julelysfigurane fekk Heidi Aksdal i 1961. Det var den første jula hennar, og figurane ho fekk var ei kanin og eit dådyr. Desse kom mor hennar med for 12 år sidan, og frå den tida har ho stadig vore på utkikk etter nye.



**Her står Heidi Aksdal framfor litt av samlinga si med dei to figurane ho fekk den første jula i 1961., Ei kanin t.v. og eit dådyr t.h.**



**Denne hylla blir sett opp til jul, og tatt ned etter nyttår. Her står alle dei ulike julelysfigurane på rad og rekke. Kvart år tar Heidi bilete av hylla med figurane. Ho må ha biletet med seg når ho er på jakt i butikkane for å finna nye figurar. Det er ikkje så godt å hugsa alle figurane som ho har frå før i samlinga si.**

**160 figurar**
Målet då ho begynte å samla julelysfigurar var 100. Då ho hadde passert det talet, vart det nye målet 200. Og det talet vil ho nok nå, for nå er ho oppe i rundt 160 figurar.

Etter kvart som ho kom opp i eit større antal figurar, var det stadig verre å finna nye som ho ikkje hadde frå før. Søstera hennar skaffa henne nokre frå Tyskland, og kvart år er det ein tilvekst på rundt 10.

**Har du noko til salgs?**
Heidi er interessert i fleire figurar, og dersom det er nokon som har slike, og vil selja, kjøper ho gjerne dersom det er figurar ho ikkje har frå før.



# Hardhendt behandling

Mange av borda i gymsalen har gjennomgått ulike reparasjonar som følge av uansvarleg behandling. Desse borda var nye i fjor, og det høyrer ingen plass heime at ein stor prosent av dei allerede har mista beina.

Dei nye borda er meir møbler enn dei forrige og tåler tydelegvis ikkje så mykje. Og då må dei behandlast deretter!

Det er vaksne folk blant dei som leiger gymsalen som utfører denne hardhendte behandlinga.

Det er ikkje slik deler av den kommunale jubileumsgåva skal behandlast. Kva for eit signal sender dette til barn og unge?

Dei som føler seg trufne blir oppfordra til meir skånsam behandling neste gong!

# Ikkje gløym jule- og nyttårsturen

## Tur er best for helsa

Reidar Alvestad

**Tidlegare undersøkingar bekrefta**

Godt humør, trivsel, naturopplevingar og meistring er meir vesentleg for følelsen av å vera ved god helse enn å vera i topp fysisk form. Det viser ei undersøking som er gjengitt i siste nr. av Tidsskrift for Den norske lægeforening.

Per Fugelli ved Institutt for samfunnsmedisin ved Universitetet i Oslo står saman med antropolog Benedicte



Foto: JH

Ingstad bak undersøkinga. Totalt er 80 menneske frå små og store stader i Norge blitt inngåande intervjua. Desse menneska har sett likskapsteikn mellom helse og trivsel., det å fungera, natur, humør, overskot og meistring. God helse er for mange knytta til forhold som vev seg inn i samfunnslivet.

Fugelli seier at resultata frå denne undersøkinga sannsynlegvis ikkje forbausar så mange vanlege menneske, men at det i høgaste grad kan vera nyttig å munna fagfolk på det. Han seier til NTB at me ikkje må lokkast til å tru at medisinarar og andre fagfolk har avgjerande betydning for folk si helse.

Mange av dei spurde poengterar nettopp at ein tur i fjæra, i skogen eller på fjellet for dei knyter seg til god helse. Det var i fylgje forskarane litt overraskande, sjølv om Norge er kjend som "søndagsturlandet".

Fugelli understrekar likevel at helsepersonell er viktig, og seier at me skal vera glade for at me har legar, sjukepleiarar og fysioterapeutar og detr sjukehusa held på med. Men det er mange fleire faktorar som spelar inn for kva som er god helse:

Kva slags forhold ein har til sine næraste, til jobben, til banken og at ein opplever at ein er lever eit liv i verdighet og trivsel.

Professor Fugelli håpar at undersøkinga kan bidra til at folk ser klarare at dei sjølv kan bidra til god helse. Han viser til det faktum at det blir brukt stadig meir medikament, utan at folk ser ut til å bli friskare av den grunn. Men folk forvekslar i fylgje undersøkinga heller ikkje normalbilete med glansbilete. Dei kan tåla sjukdom og avvik og likevel oppleva at dei har god helse.

Fugelli seier at studien gir all grunn for helsepersonell til å bli meir audmjuke. Dei har ein begrensa rolla.

(NTB – Sofia Fosse)

"Intet er nytt under solen" er vel eit gamalt og godt ordtak som kan brukast i denne samanhengen. Dette visste me frå før. Men det følest kanskje litt tryggare å tru på eigne erfaringar når me har erfart er slått fast i undersøking etter undersøking.









# KULTURKALENDEREN

- nye arrangement/forandringar blir utheva eller understreka kvar gong -

DESEMBER
24.: Gudsteneste kl. 14.00
26.: Gudsteneste kl. 11.00
27.: Juletrefest – Bedehuset
28.: Romjulsfest på Arskroen
29.: Juletrefest – Frelsesarmeen
31.: Gudsteneste kl. 16.00
31.: Nyttårsfest på Arskroen

JANUAR
Oppstart ridekurs kl. 16.00 - 19.00 på Ognøy. Partalsmandagar og oddetalsonsdagar. Det blir også Grønt kort/ Rytterlisens - arr. BORK
